



## **Konkretisering av uteskule**



**Metodikk for planlegging  
og gjennomføring av uteskule  
i undervisninga**



**FRILUFTSRÅDET for Ålesund og omland**

**Christer Lundberg Nes**

**1998**

# Konkretisering av uteskule

*Metodikk for planlegging og gjennomføring av uteskule i undervisninga.*

## Forord

Dette heftet er ei oppsummering av nokre framgangsmåtar som er utarbeida etter erfaringar frå 5 års arbeid frå ulike aktivitetsprosjekt i Friluftsrådet for Ålesund og omland.

Fellesnemnaren i prosjekta har vore friluftslivsaktivitetar i tilrettelagde nærrområder.

Friluftsrådet har gjennomført eigne overnattingsturar for barn og unge, hatt ansvar for dagsopplegg i skulane, og bidratt med ideseminar og kompetanseheving gjennom kurs for tilsette i skule, barnehagar og skulefritidsordningane.

## Samandrag

Heftet er primært skriva for tilsette i pedagogiske verksemdar; barnehagar, skular og skulefritidsordning som ynskjer å jobbe med natur og friluftsliv.

Heftet er delt i to hovudkapittel.

### Del 1) Planlegging og erfaringsprosessen

Denne delen tek føre seg planlegging og erfaringsprosessen i organisert erfaringsutveksling i naturen. All organisert aktivitet og opplegg krev forarbeid og etterarbeid. I denne delen viser vi ein mogleg måte å gjere dette på. Vi tek for oss forarbeidet ved å nytte **assosiasjonskart** og **temaplan**, etterarbeid ved å nytte **turbok**.

### Del 2) Arbeidsmåtar

Del to tek for seg kor viktig barn si merksemd er for erfaringsbasert læring. Vi tek utgangspunkt i *Ulla Fischer* og *Bent Lecht Madsen* sine erfaringar frå boka "Se her!". Vidare tek denne delen for seg Friluftsrådet sine erfaringar om det å sansane aktivt i naturen.

# INNHALD

## Forord

## Samandrag

<b>1. Planlegging og erfaringsprosessen .....</b>	<b>4</b>
1.1 Når alt er ”grønt” .....	4
1.2 Assosiasjonskart .....	5
1.3 Temaplan .....	6
1.4 Turbok .....	7
<b>2. Arbeidsmåtar .....</b>	<b>8</b>
2.1 Dei tre fasane .....	8
2.2 Å sanse aktivt .....	10
<b>Epilog .....</b>	<b>11</b>
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>11</b>

# 1. Planlegging og erfaringsprosessen

## 1.1 Når alt er ”grønt”

Dette avsnittet er for deg som skal til med organiserte opplegg ute og er ny i området der du skal undervise. Det gjeld og dersom skulen er i ein oppstartingsfase med uteskule.

I prosjektarbeidet som Friluftsrådet har jobba med har vi funne ein god framgangsmåte å jobbe ut i frå. Det første ein gjer er å ta utgangspunkt i nære naturområder, det kan vere offentlege friområder, strandsone eller utmark. Med nært så meiner vi områder som ligg innan 15 min. gange frå skulen.

Med *Friluftsløva* i hand kan ingen nekte deg å ferdast i utmark. Men ein skal vere klar over, at med det same ein organiserer opplegg i utmark, så er ein i ei gråson og det er ikkje sikkert at Friluftsløva kan forsvare dette. Friluftsrådet tilrår difor at ein tek kontakt med grunneigar dersom ein ynskjer å nytte utmark i organiserte opplegg. Ein vil som oftast få eit positivt svar.

Når ein har valt ut eit naturområde, så må ein gjere seg betre kjend på staden. Du bør prioritere å bruke god tid og vere aleine fyrste gongen. Målet med turen er å få sett mest mogleg av området. Friluftsrådet si erfaring er at ein ikkje er tent med å gå for grundig tilverk, ved t.d. å ha med seg flora og skrivesaker. Ein har då lett for å henge seg opp i fagstoff eller enkeltfenomen og misser fort oversikta over området.

Du bør først gå gjennom området på eventuelle stiar, etterpå går du så ein del på kryss og tvers. Medan du går så skal du små prate med deg sjølv om ting du ser: ”jaha, der er ei stor bjørk”, og ”her er eit skogholt med gran”, ”denne blomsten har eg ikkje sett før”, ”her er ei opa slette”, ”denne lysninga vil vere fin å bygge hytte ved”, ”her er ein liten bekk” etc.

Etter turen må du gå gjennom områdekvalitetane som du har bevisstgjort deg. Det gjer du best gjennom å lage eitt eller fleire assosiasjonskart.

Nære naturområde ligg innan 15 min. gange frå skulen

Friluftsløva

Ved å gå og småprate med deg sjølv, så skapar du ei bevisstgjerjing over området sine kvalitetar.

## 1.2 Assosiasjonskart

Assosiasjonskart er etter Friluftsrådet si erfaring den beste måten å starte å strukturere stoffet på, utan å starte å skrape vekk idear med å tenke dette kan ikkje gjennomførast.

*”Se mulighetene i begrensningene,  
i stedet for begrensninger i mulighetene”*


Halldor Skard

Ein startar med eit stort blankt ark og sett ein ring midt på sida. I denne ringen skriv ein hovudtemaet på assosiasjonskartet. Eit hovudtema kan vere naturmiljø t.d. skog, myr eller fjæra, eller det kan vere årstid t.d. haust. Ein skriv så ned alt ein kjem på rundt ikring på arket og koplar ulike idear saman etterpå.

I boka ”Naturleikeplassen” s.36 står det omtalt at fordelene med assosiasjonskart er:

- ”ein får delt opp hovudemnet i mange små delemne som barna og dei vaksne kan arbeide med
- det er lett for barn og vaksne å sjå heilskapen; ein taper ikkje hovudemnet av syne
- det dukkar alltid opp perifere delemne som lett kan føre over i andre hovudemne, og dermed er det lett å vise korleis ting heng saman.”

Fig 1. døme på assosiasjonskart



Ein temaplan  
tek omsyn til  
lokale  
naturforhold

Rim om ulike bartre:

*Grana sine nåler er korte og sit eitt og eitt  
Furua sine nåler er lange og sit to og to  
Eina sine nåler er korte og sit tre og tre og  
dei stikk...*

Fritt oversett frå svensk.

### **1.3 Temaplan**

Temaplanen er ein lokal "almanakk" som syner at innanfor eit gitt tidsrom finn du (eller har størst sjanse) for å finne vekster, dyr eller fuglar. Dess fleire år ein jobbar utifrå ein temaplan og korrigerer denne, dess meir nøyaktig og lokal blir temaplanen.

Å lage temaplan ut i frå lokale naturforhold er ein god måte å systematisere stoffet på. Ein lagar temaplanar ut i frå forskjellige emne som ein ynskjer å gå innom i undervisninga. Ein set opp eigne temaplanar for t.d. etande vekster, fjæra, jakt og fangst etc.

Sett ein ulike temaplanar opp ved sidan av kvarandre, så får ein ei god oversikt over skuleåret. Kva emne som passar å ta opp, og ikkje minst i løpet av kva tidsrom er dei lokale naturforholda slik at ein finn det ein vil sjå etter.

*Som vedlegg i rapporten finn du eit døme på ein temaplan om etande vekster og sopp.*

I ein temaplan for trekkfuglar, ville eg prøvd å få med; når reiser eller kjem ulike fuglar, når skal vi bygge og henge opp fuglekasser, når skal vi halde vedlike gamle kasser?

Einskilde trekkfuglar som t.d. Linerla kjem i løpet av eit tidsrom på 4-6 dager kvart år. Temaplanen kan då fortelje deg nær sagt på kva dag du kan ta med gruppa/klassa ut for å sjå om de ser årets første Linerle. Det er knytt overtru til korleis ein ser Linerla for fyrste gongen, om ein ser dei lyse teikningane (sett for ifrå) blir det eit godt år, dess mørkare teikningar (Linerla sett bak ifrå) dess dårlegare år...

Dei lokale naturforholda geografisk og klimatisk vil påverke dyr og planter. Dette vil ein lokal temaplan ta omsyn til. Det vil variere frå plass til plass i landet på kva tid på året ein kan vente å finne t.d. blåbær på hausten eller kvitveis om våren.

Fordelar ved ein temaplan

Dei største fordelane med temaplanen er:

- den låser ikkje undervisninga i faste emne, men er retningsgivande
- den gir god oversikt over året og ein kan kople saman fleire temaplanar i ei heilskapleg undervisning
- den er lokal og skal tilpassast lokale forhold både geografisk og klimatisk
- temaplanar gjer at du og klassa blir meir bevisst på å planleggje året etter naturen si rytme

Ei turbok er ein erfaringsbank

### 1.4 Turbok

Ei turbok er det viktigaste læringsmiddelet og erfaringsbanken som vi har. På alle turane ute i naturen vil ein oppleve og erfare noko nytt. Det kan vere noko som stadfestar ting ein allereie kan, eller det kan vise deg noko nytt som du ikkje trudde var mogleg.

Informasjonen som vi skriv ned i turboka skal vere kortfatta. Vi oppsummere momenta med ei linje eller to. Den viktigaste grunnen til å skrive dette ned er at det for det første skaper ei bevisstgjerung og evaluering av opplegget ein har gjennomført, og for det andre vil dette etterkvart gi deg ein idebank med tips og idear for opplegg.

Vår erfaring tilseier at tre moment bør vere med:

1. Dette hadde eg planlagt å gjere på saman med borna.
2. Dette fungerte bra/ dette fungerte dårleg.
3. Kva spontan aktivitet hadde borna.

Garantert suksess!

Punkt nummer tre er eigentleg det viktigaste. Ein 10-åring veit best kva som artigast for ein 10-åring. Og klarar eg som vaksen å gripe tak i ein 10-åring sin spontane aktivitet og bevisstgjere meg denne, så kan eg ved eit seinare høve nytte nettopp denne aktivitet som ein del av mitt opplegg. (Med garantert suksess!)

## 2. Arbeidsmåtar

### 2.1 Dei tre fasane

Dei tre fasane er:

1. Sjå her!
2. Kva skjer...
3. Reflekterande fase

Vi nyttar Ulla Fischer og Bent Lecht Madsen sine tankar i boka "Se her! En bog om børns oppmerksomhed". Teoriane til Fischer og Madsen er fritt oversett til norsk og sett i samsvar med våre praktiske erfaringar.

Fischer og Madsen tek for seg dei tre fasane hos barn i barnehagen. Men våre erfaringar viser at dei tre fasane er meir ålmenn gyldige og ein kan finne dei både hos voksne og ungdom når personane tilnærma seg noko nytt og spennande.

### Sjå her!

Fase 1 er ei personleg oppleving og oppdagarfase

Dette er den første og den viktigaste fasen.

Det er ei oppleving og oppdagar fase. Borna kjem her med mange kjenslemessige utrop "Oj!" som eigentleg ikkje er retta mot nokre andre. Det er spontane utbrot som signaliserer undring, iver og glede.

Etter ei kort tid ønskjer dei å dele opplevinga med andre, og utbrotet "Sjå her!" går ut på å flytte merksemda frå det eine spennande til det andre. Denne fasa handler altså om vår spontane merksemd overfor noko nytt.

*Sett ein vaksen seg på huk med utbrotet "Stilig!" så kjem alle borna springande for å sjå.*

Det er i denne fasa ingen vits å kome med spørsmål og fakta. All informasjon frå ein vaksen som ikkje er eit utrop vil i regelen bli overhørt/oversett av borna.



I fase 2 testar ein ut omverda gjennom å manipulere i ulike eksperiment

## **Kva skjer...**

Dette er den andre fasa, der borna startar å undersøke ”gjenstanden” meir målretta. I staden for å flytte merksemda frå det eine til dei andre etter andre sine utrop, jobber dei meir konsentrert om ein detalj. Men dei er ikkje meir konsentrerte enn at utropet ”Sjå her!” flytter merksemda litt her og litt der.

Borna gjer ulike testar på ”gjenstanden”. Kva skjer dersom eg stikk insektet litt på sida. Kva skjer dersom eg legg insektet på ryggen o.l. Ein kan og oppleve at yngre born til dømes kan sitte oppslukt og rive eit og eit bein av eit insekt for å sjå kva som skjer utan å reflektere noko meir over det. Det er ikkje ondsinna frå barnet si side, men er ei utforsking av si omverd med forskaren si kjenslelause objektive observering av det som skjer.

Dersom nokre born jobbar veldig oppslukt med noko så vil deira merksemd fengje andre born. Desse vil kome for å sjå på saman med, og kome med små kommentarar. Born vil ha ulik evne til å konsentrere seg i denne fasa. Nokre vil jobbe målretta med ein ting, medan andre vil springe frå eksperiment til eksperiment.

## **Reflekterande fase**

Det er i denne fasen at borna vil søke voksenkontakt. Fasen foregår meir i eit indre plan og ein ynskjer svar på spørsmål og er lydhør overfor ny informasjon.

*Men informasjonen skal ha ei form som er knytt til opplevinga eller erfaring frå gjenstanden.*

*Historieforma er her viktig, å knytte borna sine eigne opplevingar med det dei vaksne har erfart eller nokon som dei kjenner godt har opplevd. Eventyr og sagn knytt til gjenstanden er og med på å stadfeste heilhets inntrykket som born sit med.*

## **Oppsummering**

Teorien går ut på at borna må erfare og gjere seg ferdig med ein fase før dei kan gå vidare med den neste. Arbeidsgangen ligg i å vere nyfiken, undrande og utforskande. Borna vil hoppe mellom dei ulike fasane og veksle mellom det å oppleve, oppdage og undersøkje. Men alltid med ei oppleving og oppdagar fase først.

Vår vanskelegaste jobb ligg i å legge forholda til rette slik at enkeltindividua i ei større gruppe kan vere i ulike fase til same tid.

I den tredje fasen ynskjer borna å få meir informasjon. Men det ein fortel skal vere knytt til eigne opplevingar eller erfaringar frå gjenstanden

Når vi skal lære noko nytt ute i naturen så vil vi alltid starte med å oppleve og oppdage.

Vårt mål må bli å gå inn i naturen og som ein del av naturen må vi nytte alle sansane våre, lukt, hørsel, berøring, syn og smak.

Å sanse aktivt er å forvente å finne element i naturmiljøet og å bli bevisst endringar i naturmiljøet

## 2.2 Å sanse aktivt

Som vaksne har vi fått ein større og større evne til å sette pris på naturen rundt oss som ei flott oppleving. Men det går mest på ein estetisk oppleving av naturen. Fjella er vakre, blomsterenga er nydeleg og luktar godt. Vi vandrar rundt på stien eller i enga og ser på naturen rundt oss som ei vakker kulisse.

Denne evna til å sjå på naturen som eit storslått maleri gjer at vi misser viktige delar av vår naturarv som søkjande jegerar og sankerar –nemleg det å vere aktiv sansane og var for samspelet i naturen.

Skal vi oppdage den mangfaldige naturen og oppleve samspel i ulike økosystem, så er vi nøydde til å bevisstgjere oss sansane våre. Det gjer vi ved at vi skal forvente å finne, sjå, lukte og høyre medan vi går i naturen.

Går vi på stien og kjem til eit skogholt med mykje grantre, så skal vi allereie før vi kjem til dei første trea vite kva vi kan forvente å sanse. Vi skal t.d. forvente å finne grankongler der det veks granskog. Har vi forventningar om å finne konglar så vil vi og ubevisst søke etter konglar medan vi går i skogen. Resultatet er at vi for det første *tidlegare oppdagar* konglane, og vi *finn fleire* konglar. Noko som igjen ofte vil føre til at vi finn spor teikn på konglane; mus, ekorn, hakkespett for å nemne nokre.

## Bevisstgjering av sansane

Å forvente å finne element i naturmiljøet og å bli bevisst endringar i miljøet gjer at vi sansar aktivt. Vi ser ting fortare, vi legg merke til spor og sporteikn og vi opplever naturen med alle sansane.

Døme:

Vi går i blomsterenga ein tidleg morgon. Sola har nyst stått opp og varmar godt. I det vi går frå enga og inn mot granskogen, så forventar vi at temperaturen skal skifte og vi kjenner med ein gong beskjeda frå huda om at det er kaldare i skuggen av dei store trea.

Vi finn mykje konglar – fordi vi forventar å finne det her. Ved ein stubbe ser vi spor etter mus; flotte gangar i mosen og i graset. Vi finn og ei hole med mykje små muselort, fordi vi er søkjande med blikket. Vi finn ei fjør på bakken der terrenget blir brattar og vi startar ei bevisstgjering: Kva har skjedd, kan det vere ei einsleg fjør, eller kan det vere at ein rev eller rovfugl har tatt ein fugl. Vi ser oss rundt og oppdagar ei tue litt oppe i skråninga med fleire fjør på, og eit av naturen sine drama lar seg lese i restane av fjør og beinrester...

Erfaringsbasert læring

## Epilog

Denne metodikken som vi har skreive om her går ut på erfaringsbasert læring. Skal ein følgje opp tankane kring dei tre fasane så vil ein oppleve at når ein går ein tur i dammen for å sjå på insekt så finn borna mange små baby froskar. Ein skal då ikkje tvinge borna inn på dagens tema, men la dei bli ”ferdig” med baby froskane for så å kome tilbake ved neste høve for å sjå på insekt.

Naturen er i stadig endring og full av liv – Vi må tilpasse undervisninga deretter.

Temaplan og turbok gir god dokumentasjon på kva ein har gjort

Både temaplanar og ikkje minst turbok gir verdifull informasjon til deg som lærar. Dei gir til god dokumentasjon over kva ein har gått gjennom av tema i løpet av året. Med auka ”pensum” mengde som elevane skal gjennom kan slike dokumentasjonar vere viktig for å unngå at natur og uteskule blir lese- fag.

Ein kan bli møtt med argumentet at dersom ein ikkje gått gjennom s 82-110 i O-fag bøkene så har ein ikkje gått gjennom pensum. Med temaplanar så kan ein vise at det emnet blir/har vore gjennomgått i løpet turar i t.d. september.

*God tur inn i naturen!*

## Litteraturliste

Bang m.fl: *Naturleikeplassen*. Universitetsforlaget

Ulla Fischer og Bent Lecht Madsen: *Se her! En bog om børns opmærksomhed*. Forlaget Børn og Unge.

Christer Lundberg Nes: *Idebank for Svinøya friluftsområde*. Friluftsrådet for Ålesund og omland.

Christer Lundberg Nes: *Idebank for Kråkneset friluftsområde*. Friluftsrådet for Ålesund og omland.

Friluftsløven: Lov av 28.juni 1957 nr 16. om friluftslivet. Særtrykk frå Grøndahl & Søn Forlag A.s.